

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Bergen HF

**DATO:** 23.08.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Askjell Utaaker/Geir Egil Pedersen  
**SAKA GJELD:** **Lokalisering av ny vaskehall/ sterilsentral**

**STYRESAK:** **95/18 A**

**STYREMØTE:** **27.09.2018**

.....

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret gjev si tilslutning til foreslått plassering av ny vaskehall/sterilsentral på «Siporextomten».

---

Vurdering av ulike alternativ for lokalisering av sterilsentral, dekontaminering og sterilt lager

## Status

Det har vore ei rekke saker og utgreiingar i Helse Bergen dei siste åra knytt til ønske om å sentralisere sterilmforsyninga i føretaket. I styresak 14/18A ga styret i Helse Bergen godkjenning for å greie ut ein samla og sentralisert funksjon som både handterer vask, dekontaminering og steril forsyning.

Omfanget av sterilt gods i framtida er vurdert til å auke med ca. 40 % fram mot 2030. Tala er henta frå prosjekt «Ny poliklinikk og dagbehandling» som vart laga i 2011. I forbindelse med konseptfase og dimensjonering av fasilitetane må dette talet kvalitetssikrast.

Det er også eit ønskje om etablering av system for sampakking av utstyr (case carts). Her vert det pakka sterilt fleirgongsgods og sterilt gods for eingongsbruk, samt eventuelle andre sterile forbruksvarer. Dette vert transportert til operasjonsstovene etter bestilling og er spesialtilpassa prosedyren som skal gjennomførast. Dette sparar plass til lager, noko som vil vere naudsynt ved ei seinare ombygging av sentraloperasjonsområdet.

Det er allereie vedtatt at slik sampakking skal skje i BUS2 når det står ferdig.

Prosjektet «case cart» er under utgreiing.

Angående sterilisering av gods så er det ikkje vedtak om ein ny Sterilsentral, men etter kvart som ulike prosjekt skrid fram må dekontaminering og sterilisering sjåast under eitt.

Det vert ikkje lagt til rette for reingjering og desinfisering av medisinsk gjenbruksutstyr i BUS2.

Samtidig er det ønskjeleg å legge til rette for robotiserte løysingar for sterilt lager og pakkelinje. Dette er funksjonar som vil vere nye på HUS – og nye i norsk samanheng opp mot fagfeltet. Ein teknologi som mellom anna er teken i bruk ved den nye sentraliserte sterilsentralen i København.

## Tidlegfaseveilederen.

I veileder for «tidligfasen i sykehusprosjekt» er det beskrive eit beslutningspunkt B3A. Dette punktet kjem etter at det er fatta vedtak om konseptutgreiing, men før konseptet er ferdig utgreidd. Beslutningspunktet gjeld lokalisering av tiltaket. Ved å ta ei slik avgjerd no slepp ein store kostnader med å utgreie alternativ som ikkje er relevante.

## Alternativa for lokalisering av vask og sterilisering.

- 0-alternativ – Bli der ein er utan utviding
- 0.1.alternativ – Bli der ein er, men utvide med 250 m<sup>2</sup> i Vaskeribygget mot sydvest for vask av BUS 2 utstyr

- 0.2.alternativ – Bli der ein er, men utvide ved å ta i bruk tomte til parkeringshuset og bygge nybygg der med forbindelse i øvste etasje inn i dagens sterilsentral
- 1. alternativ er å rive Siporex-bygget og bygge ny sterilsentral på denne tomte.

#### 0-alternativet inneber å bli der ein er i dag.

Potensielt areal for å ivareta slik auke er å nytte areal som i dag nyttast til pakking av tekstilar. Dette arealet er på omlag ca. 40 m<sup>2</sup>. Alternativet vil ikkje kunne dekke opp for behovet om vasking av gods til sterilisering som i dag vert gjort på dei einskilde operasjonsavdelingane eller poliklinikkane. Det er også problematisert at HMS-tilhøva i dagens lokale ikkje er tilfredstillande. Dette gjeld særleg lydnivået i dagens sterilsentral, tronge arbeidstilhøve, redusert kapasitet på vatn og avløp og vanskeleg tilkomst for teknisk personell. Ei ombygging og delvis utviding med dei nemnde 40 m<sup>2</sup> vil medføre ein reduksjon i produksjonen mens dei bygnings- og installasjonsmessige tiltaka går føre seg. I praksis er det ikkje mogeleg å få til ein vaskehall ved dette alternativet.

#### 0.1 Alternativ – utvide med 250 m<sup>2</sup> i vaskeribygget mot sydvest.

Det er mogeleg å utvide etasjen der dagens Sterilsentral held til med 250 m<sup>2</sup> mot sydvest. Det inneber ei utkraging av ein 3. etg., og med fundament på søyler. Det er kjent at byggegrunnen utanfor vaskeriet ikkje er god. Dette er noko som blant anna har gitt seg utslag i setningar i påbygget som blei etablert 2002. Det er i rapport frå 2010 påpeika at ei slik utbygging vil kunne redusere lysinnfallet i lokala til vaskeriet og være ugunstig for vaskeriet sitt personell. Dette tiltaket vil også påverke produksjonen i sterilsentralen medan byggearbeidet pågår. Dette påbygget vil kunne nyttast til vaskehall for gods frå BUS2, men ikkje frå heile verksemda. Alternativet gjev ingen mogelegheit for utviding av steriliseringsaktiviteten.

#### 0.2 Alternativ – utvide mot nord ved å ta i bruk tomte til parkeringshuset ved Gamle Gade og etablere eit nybygg med gangbruforbindelse til dagens sterilsentral.

Dette tiltaket vil medføre ei arealauke på i overkant av 1500 m<sup>2</sup> fordelt over 3 etasjar. Ei utbygging der virksomheita blir fordelt over 2 bygg og 3 etasjar vil gi dårlege logistikk-løysingar og vere plasskrevjande. Dette tiltaket vil også påverke produksjonen i sterilsentralen når infrastruktur og transportbånd etc. skal knyttast til dagens Sterilsentral. Alternativet vil krevje ei omregulering frå parkeringsareal til produksjonsareal. Truleg vil ei slik endring få gjennomslag med dei strømnigane som gjeld som følgje av bybane og ønskje om fortetting langs bybanetraseen. Likevel er realitetane at det er problem med å skaffe tilstrekkeleg med parkeringsplassar og ei nedbygging av dette tilbodet er ikkje ønskjeleg.

#### 1.alternativ – Rive dagens siporex-bygg og bygge nytt bygg.


Det såkalla siporex-bygget er eit tilbygg til Gamle Hovudbygg. Arealane er dels tomme og framstår som lite eigna. Dersom arealane skal brukast slik dei er i dag vil dette medføre ei totalrehabilitering.

Ved dette alternativet vil alle «ønsker» med stor sannsynlighet kunne bli ivaretatt. Arealet vil vere stort nok til å huse både sterilt lager, vaskehall for godset og truleg også vask av containarar. Ved å samlokalisere vask, desinfeksjon og sterilisering i dette bygget, kjem vi nær Sentralforsyning, nær opererande einingar og polikliniske endoskopiske einingar. Alternativet vil ikkje røre ved produksjonen i dagens Sterilsentral under bygginga. Siporex-bygget står delvis tomt pr. i dag, og medfører i liten grad konsekvensar for andre på HUS.

Arealet vert bygd ut maksimalt og vert førebudd med tanke på ei seinare flytting av Sterilsentral. Det vert vurdert andre funksjonar i bygget som eksempelvis sentralisering av vask av scop. Eventuelle gjenstående areal kan med letthet «kontoriserast».

Den einaste ulempen med dette alternativet er at det skal etablerast på ei trong tomt og at areala kunne ha vore nytta alternativt til andre funksjonar. Dette gjeld for så vidt også for parkeringsbygget, men ein noko meir perifer plassering gjer det mindre aktuelt så lenge det er biler og behov for parkering.

Forhold	Siporex	Parkering	Kommentar
Nærleik til automatisk transport	+	-	Enklare og billegare å få fram automatisk transport. Kortare føringsvegar
Nærleik til SOP og andre utstyrskrevjande einingar	+	-	Ved bruk av automatisk transportsystem fell dette argumentet vekk
Mogelegheit for sampakking av case cart	+	-	Betre i siporex grunna kortare transport.
Produksjon/vask over fleire etasjar	+	-	Transport over fleire etasjar gjer auka behov for heiser med reserveløysingar
Parkering forsvinn	+	-	Heile parkeringshuset går vekk
Ekstern logistikk	+	+	Tilkomst for eksterne leveransar og varemottak med bil er betre i parkeringsbygget.
Tilkomst for gåande frå SB	+	-	Langt betre enn for parkeringsalternativet med bru frå Sentralblokken.
Kostnader	+	-	Siporexbygget må uansett enten rivast eller totalrenoverast. Reint kostnadmessig er det nok noko dyrare å rive siporexbygget framfor å rive parkeringsbygget. Det vil bli dyrare logistikk-løysingar for parkeringsbygget og inntekt for parkering fell bort. Siporextomten er vanskelegare å byggja på pga. trong tomt. Det vil bli ulemper for SB i byggeperioden. Det vil vere lettare å etablere ny sterilsentral framfor å erstatte komponent for komponent i den eksisterande.





Biletet syner dei tre alternativa som er omtala i saka:

1: Siporextomta

2: Parkeringshuset

3: Påbygg sterilsentral

